


Søknad om landslinje ved Volda vidaregåande skule

Nynorsk Medium og kommunikasjon

*“Det ein sjølv kann gjera, skal ein
ikkje bidja andre um”*

(Ivar Aasen, 1856)



Nynorsk landslinje for MEDIUM OG KOMMUNIKASJON

Innhald

Kort og godt.....	1
Grunnlaget for ei landslinje i Nynorsk Medium og kommunikasjon.....	1
Lokalisering – i nynorsken sitt kjerneområde.....	3
Om landslinja.....	3
Fagleg innhald.....	6
Ressursbehov	8
Oppsummering.....	8
Kjelder	9
Vedlegg.....	9

Kort og godt

«Det ein sjølv kann gjera, skal ein ikkje bidja andre um» (Ivar Aasen, 1856)

Volda vidaregåande skule søker med dette om å få etablere ei landslinje for Medium og kommunikasjon med ein tydeleg nynorsk profil frå hausten 2027. Dette vil vere eit grep for å styrke nynorsk som mediespråk og som samfunnsberande språk i ei tid der språkleg mangfald er under press. Språkstatus 2025 frå Språkrådet viser at nynorsk står særleg svakt i skuleverket og i offentleg forvaltning, trass i at Språklova pålegg offentlege organ å fremje nynorsk aktivt. Ei landslinje med nynorsk medieprofil vil vere eit konkret tiltak for å møte desse utfordringane.

Landslinja vil gje ungdommar frå heile landet høve til å utvikle seg fagleg og kreativt på sitt eige språk, i møte med framtidas medie- og kommunikasjonsutfordringar.

Grunnlaget for ei landslinje i Nynorsk Medium og kommunikasjon

Språklova (2021), som trådte i kraft 1.januar 2022, har som føremål å styrkje norsk språk og fremje likestilling mellom bokmål og nynorsk. Lova slår fast at bokmål og nynorsk er likeverdige skriftspråk som skal kunne brukast på alle samfunnsområde og i alle delar av samfunnslivet.

Alle offentlege organ – statlege, fylkeskommunale og kommunale – har ansvar for å:

- Bruke, utvikle og styrke norsk språk (bokmål og nynorsk)
- Følgje den offisielle rettskrivinga for bokmål og nynorsk
- Fremje nynorsk, som er det minst brukte skriftspråket

Ei landslinje vil vere eit verkemiddel for etterleving av norsk språklov og språkpolitikk, og vil kunne bidra til at dei språkpolitiske måla som er sett vert etterlevd og oppfylt. I ei tid med

fallande del nynorskbrukarar, er det viktig å setje fokus på nynorsken ved at denne vert løfta fram på alle samfunnsområde. Berre 11,2 prosent av alle elevar i grunnskulen i 2024 hadde nynorsk som hovudmål, mot 17,7 prosent for 30 år sidan (Statistisk sentralbyrå, 2024). Ein sentral del av språkpolitikken i opplæringa i grunnskule og vidaregåande skule, er at elevane skal bli trygge språkbrukarar. I verdigrunnlaget i overordna del av læreplanen kan vi lese at:

Opplæringa skal sikre at elevane blir trygge språkbrukarar, at dei utviklar den språklege identiteten sin, og at dei kan bruke språk for å tenkje, skape meining, kommunisere og knyte band til andre. (Utdanningsdirektoratet 2017).

Språkstatus 2025 frå Språkrådet dokumenterer at nynorsk er marginalisert i statlege organ og digitale tenester, og at språkleg likeverd er trua. Mykje av fråfallet av nynorskbrukarar skjer i løpet av åra i vidaregåande skule, der Utdanningsdirektoratet sine eigne tal indikerer at over 50 % av nynorskbrukarane skiftar til bokmål som hovudmål mellom 10.klasse og 3.klasse på vidaregåande (Språkrådet 2025).

Professor i journalistikk, Johann Roppen ved Høgskulen i Volda, har gjennom fleire tiår dokumentert korleis nynorsk har ein marginal plass i norske medium, og kor viktig det er å utdanne journalistar og mediearbeidarar som kan bruke og utvikle nynorsk som profesjonsspråk. Det trengst målretta tiltak for å sikre nynorsk representasjon i samfunnet (Roppen 2025). Desse erfaringane er òg stadfesta av dei sentrale nynorskaktørane i mediebransjen; NRK Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter. Medium og kommunikasjon ved Volda vgs har lang og god tradisjon for overgangar til høgare mediefagleg utdanning, men tenkjer at omfanget bør kunne bli langt større. Å sikre at desse kandidatane vel nynorsk som arbeidsspråk, vil vere eit vesentleg bidrag til å auke andelen nynorskskrivande fagfolk innan mediebransjen.

Behovet for fagfolk med nynorskkompetanse er òg sterkt til stades i næringslivet. Nynorsk bedriftsforum, eit landsdekkande kontaktnett for nynorskbedrifter, har peika på at ei av dei største utfordringane for medlemmene er å finne fagfolk innan kommunikasjon og marknadsføring med god nynorskkompetanse. Dette viser at det finst eit reelt og udekt behov i arbeidslivet, og at ei landslinje vil kunne bidra til å møte dette behovet.

Opplæringa ved landslinja vil vere i tråd med Språklova sine målsetjingar. Gjennom å stimulere til målretta bruk av nynorsk i ulike medium til alle grupper i befolkninga, vil landslinja vere ein naturleg stad å starte eiga kompetansebygging for å bidra til dette. Dette vil òg vere eit unikt tilbod i landet: det vil bli den første landslinja som har fremjing av nynorsk språk som satsingsområde, og det vil bli den første landslinja for Medium og kommunikasjon. Landslinja vil

difor vere eit konkret og målretta tiltak for å fremje norsk språk og sikre vern og status for nynorsken sin plass i samfunnet, både som språk og kulturberar.

Lokalisering – i nynorsken sitt kjerneområde

Volda har lange tradisjonar for nynorsk språkbruk og kulturformidling. Regionen har fostra sentrale aktørar innan nynorsk presse, litteratur og utdanning, og er eit naturleg sentrum for ei slik satsing. Volda vidaregåande skule ligg i nærleik til Høgskulen i Volda, som er nasjonal aktør innan medieutdanning og forskning på nynorsk som mediespråk. Dette gir unike moglegheiter for samarbeid, fagleg utvikling og praksisnær undervisning.

Volda vidaregåande skule er ein tradisjonsrik skule med utspring i Volda Private Millomskule og Gymnas, seinare Volda Offentlege Landsgymnas, med røter tilbake til 1910. Skulen er rekna som den første studentskulen for bygdeungdom i landet, og målsaka stod sentralt for stiftaren og filologen Olav Riste. Studieretninga for Medium og kommunikasjon vart oppretta i 2001, og har utvikla seg til å bli ein svært sentral aktør både i skulemiljøet og i regionen. Vi er ei viktig brikke i det årlege musikalprosjektet ved skulen, som vi gjennomfører saman med Musikklinja. I tillegg leverer vi store medieproduksjonar i lokalsamfunnet i samband med Melodi Grand Prix ved Ørsta ungdomsskule og First Lego League. Dette er viktige arrangement i regionen, der vi når ut til store målgrupper. Gjennom desse prosjekta får elevane erfaring med å bruke nynorsk som arbeidsspråk i profesjonelle produksjonar, og bidreg samstundes til å synleggjere språket i offentlege og populære samanhengar.

Skulen har etablert samarbeid med institusjonar som Nynorsk kultursentrum, Nynorsksenteret, Medieavdelinga ved Høgskulen i Volda, lokalaviser med nynorsk målform, og nasjonale aktørar som NDLA, TV2 Skole/ Elevkanalen, NRK/ Nynorsk mediesenter og Nynorsk avissenter. Dette gir eit sterkt fagleg og kulturelt fundament for landslinja, og legg til rette for vidare rekruttering til høgare utdanning og yrkesliv.

Om landslinja

Landslinja vil gi elevane ei solid fagleg plattform innan medieproduksjon, kommunikasjon og språkleg medvit. Her vil dei få opplæring i journalistikk, film, foto, grafisk design og digitale medium, m.m. – med særleg vekt på bruk av nynorsk som profesjonsspråk. Undervisninga vil vere praksisnær og kreativ, og leggje til rette for samarbeid med lokale og nasjonale aktørar.

Vårt mål er at tilbodet skal tiltrekkje seg elevar med ein sterk motivasjon til å fremje nynorskbruken gjennom alle relevante mediekkanalar, og stimulere til overgangar til høgare

mediefagleg og relevant språkfagleg utdanning på universitet og høgskular. Gjennom samarbeid med ulike aktørar som t.d. NDLA og Elevkanalen, vil vi òg kunne bidra til å fremje nynorsk i nasjonale digitale læremiddel.

Ei landslinje lokalisert ved Volda vidaregåande skule vil ha fagleg relevante samarbeidspartnarar som vil gje dei beste føresetnadane til å gjere tilbodet både relevant, nyttig og attraktivt. Gjennom konkrete samarbeidsprosjekt, vil elevane både få verdifull produksjons- og nynorskkompetanse, og dei vil knyte tette band til relevante institusjonar for vidare opplæring, utdanning og arbeidsmoglegheiter etter vidaregåande skule. Elevane vi uteksaminerer vil få med seg eit medvite forhold til nynorsk språk, og vil vere viktige «nynorskambassadørar» i sine vidare virke i utdanning og arbeidsliv.

Nokre utdrag frå vedlagde støtteskriv, med konkrete døme på samarbeid:

Vedlegg 1: Nynorsk kultursentrum/ Aasentunet v/ direktør Olav Øyehaug Opsvik:	
«Nynorsk kultursentrum vil stille seg til rådvelde for både strategisk samarbeid på leiarnivå og konkrete samarbeid gjennom å tilby praksisplassar for elevar – til dømes i samband med kommunikasjon knytt til våre festivalar og andre tilstellingar – og gjennom å tilby kurs og faglege opplegg for linja og elevane der i museet vårt i Aasentunet eller ved at våre tilsette vitjar skulen»	- Praksisplassar i samband med kommunikasjon knytt til festivalar og tilstellingar - Kurs og faglege opplegg for elevane, anten i Aasentunet eller ved besøk på skulen - Strategisk samarbeid på leiarnivå
Vedlegg 2: Høgskulen i Volda, Avdeling for mediefag v/ Dekan Ivar John Erdal	
«[...]vi som utdanningsinstitusjon har eit særskilt ansvar for at nynorsk i framtida skal vere eit aktivt mediespråk: eit språk som vert brukt på alle medieplattformer, ikkje ein museumsgjenstand. Dette arbeidet heng tett saman med det som skjer i grunn- og vidaregåande skule, og vi har gjennom åra tatt imot mange dyktige studentar frå MK-linja på Volda VGS. Skissene til den nye landslinja ser svært interessante ut med tanke på framtidig samarbeid mellom oss.»	- Seminar/ læringsverkstad i regi av høgskulen - Deltaking i førelæringar - Besøk og deltaking i praksisperiodar ved medieutdanninga
Vedlegg 3: Nynorsksenteret v/ dagleg leiar Synnøve Marie Sætre:	
«Ei landslinje for nynorsk medium og kommunikasjon vil vere ein naturleg samarbeidspartnar for oss på Nynorsksenteret. Me ser mange moglegheiter for felles prosjekt der me kan dra god nytte av kvarandre, og der begge partar kan vere ein arena for utprøving for kvarandre. Det vil òg bidra til eit tettare samarbeid mellom alle dei ulike nynorskaktørane i området vårt.»	- «pilotar» på Nynorsksenteret sine produksjonar - Stemmene i nynorske lydbøker, animasjonar, instruksjonsfilmar m.m. - Innhaldsproduksjon til «Tid for ti» - Videoproduksjonar av ulike slag

	- Produksjon av illustrasjonar/ grafiske arbeid
Vedlegg 4: NDLA v/ pedagogisk leiar Margreta Tveisme	
«NDLA støttar søknaden frå Volda vgs om å bli landslinje for nynorsk i medium og kommunikasjon. Dersom språklova skal fylgjast og nynorsk skal overleve som likestilt språk i Noreg, må det nyttast i media. Volda vgs har eit unikt miljø rundt seg, med store nynorske institusjonar og ikkje minst høgskulen i Volda som er kjend som ei av dei beste mediautdanningane i landet. NDLA kjenner godt til det kreative fagmiljøet ved Volda vgs, og har hatt gleda av å samarbeide med dei om produksjon av såkalla kodekammer. Dersom skulen skulle få tilslag om landslinje, ser vi fram til vidare samarbeid på fleire ulike måtar.»	- Volda vgs som pilotskule for NDLA - Vidare samarbeid om mediefaga, med vekt på produksjon av digitale læringsopplevingar i nynorsk språkdrakt
Vedlegg 5: TV2Skole v/ dagleg leiar Yngvar C. A. Nordberg	
«TV 2 Skole AS synest planane om ei landslinje i nynorsk medium og kommunikasjon er svært spennande, og vil gjerne vere med på eit samarbeid med linja dersom dette skulle verte realisert. Vi har allereie etablert eit samarbeid med skulens noverande linje om produksjon av videoar knytt til nynorske barnebokpodkastar, og ser for oss eit ytterlegare samarbeid om produksjon av videoar og anna innhald på nynorsk. Dette vil vere eit vinn-vinn-samarbeid, der elevane ved linja får trening i å produsere innhald til autentiske mottakarar, og TV 2 Skole AS får tilgang til enda meir læringsmateriell produsert på nynorsk.»	- Produksjon av videoar og anna innhald på nynorsk - Vinn-vinn-samarbeid der elevane får nå ut til autentiske mottakarar, og TV2 Skole og brukarane deira får læringsmateriell på nynorsk
Vedlegg 6: NRK Nynorsk mediesenter v/ Rune Fossum Lillesvangstu	
«Mediebransjen har eit stort behov for fleire nynorskbrukande journalistar, og det er vanskeleg å rekruttere nok av desse frå dei ordinære medieutdanningane. Grunnen er at det blir uteksaminert for få nynorskbrukarar ved desse institusjonane. NRK nynorsk mediesenter ser og behovet for ein større rekrutteringsbase av nynorskbrukande, nyheitsinteresserte og talentfulle nynorskbrukarar med relevant bakgrunn frå vidaregåande skule.»	- NRK Nynorsk Mediesenter kan bidra med innsikt i bransjen, nynorsk som mediespråk og inspirasjon til elevane, gjennom t.d. skulebesøk og bedriftsbesøk - Styrke rekrutteringsgrunnlaget for NRK Nynorsk mediesenter
Vedlegg 7: Nynorsk Bedriftsforum v/ dagleg leiar Monika Haanes Waagan	
Gjennom interne undersøkingar har vi avdekt at ei av dei største utfordringane for nynorskbedrifter er manglande nynorskkompetanse, både mellom interne medarbeidarar og eksterne leverandørar av innhald, kampanjar og kommunikasjon på nynorsk – både i tradisjonelle og digitale kanalar. Vi ser derfor på etableringa av ei landslinje ved Volda vidaregåande skule som eit	- Praksispartnarar - Potensielle framtidige arbeidsgjevarar for elevane

svært godt og framtidsretta tiltak. Linja vil kunne bidra til å utdanne unge med både mediefagleg kompetanse og språkleg medvit, og slik møte eit reelt behov i arbeidslivet. At linja vert lagt til Volda, med nærleik til Høgskulen i Volda og eit sterkt nynorsk fagmiljø, gir gode føresetnader for kvalitet og relevans. Vi oppmodar Utdanningsdirektoratet og andre relevante instansar til å støtte søknaden, og ser fram til å kunne samarbeide med linja i framtida – både som praksispartnar og som framtidige arbeidsgjevarar for elevane.	
Vedlegg 8: Noregs Mållag	
Erfaringa er at sjølv om elevar kjem frå nynorskområde, er det lett å leggje frå seg nynorsken når ein møter det store bokmålsfleirtalet i høgare utdanning eller ein bokmålsdominert mediekvardag. Difor har ei slik landsline med nynorsk medie- og kommunikasjonsspråk ei viktig oppgåve i å gjere elevane trygge til å skrive nynorsk, og trygge til å bruke nynorsk. På den måten vil landslina bidra til faktisk rekruttering både inn i nynorsk journalistikk og informasjon- og kommunikasjonsbransjen. Landslina vil også vere med på å utvikle og syne fram nynorsk som eit moderne bruksspråk i alle former for kommunikasjon.	
Vedlegg 9: Nynorsk avissenter v/ dagleg leiar Ingunn Osland	
Nynorsk avissenter ser på planane om ei landslinje for nynorsk Medium og kommunikasjon ved Volda vidaregåande skule som svært spennande. For oss kan det vere ein spennande samarbeidspartnar, og ein viktig stad å hente talent som ønskjer å bli journalist, og som vil skrive nynorsk. Det er eit stort behov for journalistar som kan skrive nynorsk, særleg på Vestlandet, men opplever også at det er aukande etterspurnad frå nasjonale medium. Mellom anna har TV2 vist stor interesse for praktikantar frå oss, og dei har vore svært aktive i å etablere eit nynorskmiljø i kanalen. Fleire av våre tidlegare praktikantar er i dag tilsette der.	
Vedlegg 10: Kringkastingsringen v/ styreleiar Jógvan Helge Gardar og dagleg leiar Aksel Torsnes Mehlum	
Gjennom arbeidet vårt freistar vi å støtte og heidle nynorskjournalistar, i ein mediekvardag der presset frå både bokmål og engelsk er stort. Vi ser eit stort behov for å rekruttere fleire gode journalistar og medieprodusentar som nyttar nynorsk i arbeidet sitt, og vi trur at ei landslinje for nynorsk i medium og kommunikasjon blir eit viktig element i ein struktur for både rekruttering og motivering av kommande nynorskjournalistar. Kringkastingsringen gjev difor si fulle støtte til landslinjesøknaden frå Volda vidaregåande skule.	

Fagleg innhald

Landslinje for nynorsk Medium og kommunikasjon vil vere ei treårig studieførebuande linje, som gir generell studiekompetanse. Opplæringa vil følgje dei gjeldande læreplanane som er fastsette av Utdanningsdirektoratet. I tillegg til dei ordinære studieførebuande faga, vil elevane ved landslinja få opplæring i dei felles programfaga *mediesamfunnet* og *medieuttrykk*, som er gjennomgåande alle tre åra. Dei vil òg få høve til å velje valfrie programfag i *grafisk design*, *bilete*,

tekst, lyddesign, medieutvikling og mediespesialisering som vil vere tilgjengelege på vg2 og vg3. Fellesnemnaren for alle programfaga er fokuset på praktisk opplæring, i tett samarbeid med aktørane nemnt ovanfor.

Mykje av undervisninga i faga *mediesamfunnet* og *medieuttrykk* er tverrfagleg, der vi kombinerer teori med praktiske prosjekt. Timeplanen er organisert slik at ein får lengre økter som legg til rette for praktiske produksjonar utanfor klasserommet, med både heile og halve skuledagar dedikert til mediefaga. Dette gir gode høve til samarbeid med eksterne aktørar, og gir elevane ei praksisnær erfaring med arbeidsmetodar som liknar det dei vil møte i arbeidslivet. Her vil dei få vere med på produksjonar knytt til foto, film, lyd, journalistikk, digitale medium, dokumentar m.m., som gir dei høve til å utvikle det som blir kalla «21st Century Skills», som kreativitet, samarbeid, kommunikasjon og problemløysing.

Det aller største produksjonsprosjektet vi har, som vi gjennomfører kvart år, er eit tverrfagleg musikalprosjekt saman med Musikklinja ved skulen. Gjennom fleire musikalframsyningar når vi ut til eit stort publikum i heile regionen, der elevane ved landslinja vil ha ansvar for å produsere mellom anna digitale kulisser, grafisk profil, fleirkameraproduksjon av framsyninga, konsertfoto, produksjon av artiklar og informasjonsmateriell til aviser og nettside/ sosiale medium. Dette bidreg til å gje elevane ei unik samhandlingskompetanse, ei svært verdifull erfaring å ta med seg vidare. Dette er eit tilbod som vil vere unikt for landslinja i Volda.

Faget *mediesamfunnet* gir elevane innsikt i korleis media påverkar samfunnet, og korleis samfunnet påverkar media. Elevane lærer å analysere medietekstar, forstå mediepolitikk og eigarskap, og reflektere over mediemakt, informasjonskløfter og digitale skilje. I ei tid prega av «fake news», algoritmepåverknad og KI-generert innhald, er dette faget avgjerande for å utvikle kritisk medieforståing og demokratisk kompetanse.

I dei valfrie programfaga vil elevane få høve til å fordjupe seg i fagområde dei har særleg interesse for, og byggje vidare på det grunnlaget som dei felles programfaga gir dei. Blant desse finn vi faget *medieutvikling*, som gir elevane høve til å utforske og utvikle medieløysingar som møter reelle behov i samfunnet – eller som skaper nye behov. Gjennom arbeid med konseptutvikling, medieteknologi og interaktive format, får elevane høve til å bruke nynorsk aktivt i nye og framtidsretta kanalar – som appar, spel, nettsider, sosiale medium og KI-baserte verktøy. Dette er avgjerande for å sikre at nynorsk ikkje berre finst i tradisjonelle tekstformat, men også er til stades og funksjonelt i den digitale kvardagen.

I tillegg til alt dette, er det òg naturleg å byggje inn fellesfag som norsk, historie og samfunnskunnskap i tverrfaglege arbeid, der den nynorske språkdrakta vil vere sentral.

Ressursbehov

Målet er i første omgang å starte med 15 elevar på vg1, slik vi etter kvart har 45 elevar på alle tre trinna til saman. I tillegg til undervisningsressursar vil det vere utgifter knytt til utstyr og spesialrom til medieproduksjonar, som video- og fotokamera, lyd- og lysutstyr, kraftige PC-ar med programvare, foto-/ lyd- og animasjonsstudio med meir. Noko av dette har skulen allereie, men ein del av utstyret er utdatert, så her vil vere noko behov for oppgradering og nye investeringar. Her er ei oversikt over det behovet vi ser per i dag:

Pakke 1: Visuell historieforteljing	Pris	Tal	Sum ink mva
Minimac til arbeidsstasjonar	11 490,00 kr	2	22 980,00 kr
Skjerm til Arbeidsstasjon	1 990,00 kr	4	7 960,00 kr
Videolys - Batteridrive - Godox LEDP260C Location Kit 2X og Veske	6 790,00 kr	2	13 580,00 kr
Nikon Z50 II kamerahus	11 975,00 kr	6	71 850,00 kr
Objektiv 18-140mm	7 464,00 kr	6	44 784,00 kr
Nikon FTZ-adapter	2 690,00 kr	3	8 070,00 kr
Batteri Nikon Z50 (Jupio)	709,00 kr	6	4 254,00 kr
Trådlause mikrofonar (DJI Mic 3)	3 790,00 kr	2	7 580,00 kr
Studiolys (Godox SL60IID LED Duo Kit)	6 790,00 kr	1	6 790,00 kr
Videokamera til fleirkamera- og videoproduksjon	17 490,00 kr	4	69 960,00 kr
Videostativ (Benro)	2 190,00 kr	4	8 760,00 kr
Høyretelefonar (Sennheiser HD 200)	859,00 kr	10	8 590,00 kr
SUM PAKKE 1			275 158,00 kr

Pakke 2: Framtidas medieproduksjon	Pris	Tal	Sum ink mva
Minimac til arbeidsstasjonar	11 490,00 kr	10	114 900,00 kr
Skjerm til Arbeidsstasjon	1 990,00 kr	10	19 900,00 kr
Oculus Quest 2 trådløse VR-briller (256 GB)	5 095,00 kr	3	15 285,00 kr
Insta360 One X3	6 481,00 kr	1	6 481,00 kr
Ekstraustyr til One X2	786,00 kr	1	786,00 kr
Ipad Pro 11"	14 490,00 kr	1	14 490,00 kr
Podcaststudio Røde (for 4 personar)	18 690,00 kr	1	18 690,00 kr
SUM PAKKE 2			190 532,00 kr

Her har vi henta prisar frå leverandørane sine nettsider, og vi kan sjå på desse prisane som rettleiande. Men samla sett ligg behovet per i dag litt i underkant av 500 000 kr.

Oppsummering

Både mediebransjen, næringslivet og høgare utdanning erfarer at stadig færre studentar og arbeidstakarar meistarar nynorsk som profesjonsspråk. Tala viser at det er særleg i vidaregåande skule at ungdomar skiftar frå nynorsk til bokmål som hovudmål. Samstundes har vi ei språkløp som peiker på at ein skal legge til rette for at nynorsken har gode vilkår, noko Språkrådet sin

rapport om Språkstatus 2025 viser at ikkje er tilfelle. Ei landslinje for Nynorsk Medium og kommunikasjon vil vere eit konkret tiltak for å bremse denne utviklinga. Vi har som mål å rekruttere ungdom som ønskjer opplæring på sitt eige hovudmål, og som kan bli gode nynorskambassadørar i sine vidare virke. Dette vil gå føre seg «midt i smørauget» for nynorsken, i tett samarbeid med sentrale lokale og nasjonale institusjonar innan både nynorsk språk og medieutdanning.

Kjelder

Roppen, Johann (2025). «Journalistutdanning på nynorsk.» I J. Fossøy, Ø. H. Larsen, D. Sekkingstad, T. Årethun (Red.), *Regional konkurransekraft. Fjordantologien 2025* (s. 226-251) Scandinavian University Press. <https://doi.org/10.18261/9788215074764-25-12>

Språklova. (2021). *Lov om språk* (LOV-2021-05-21-42). Lovdata.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-05-21-42>

Språkrådet (2025) *Språkstatus 2025*. <https://sprakradet.no/wp-content/uploads/Sprakstatus-2025.pdf>

Statistisk sentralbyrå (2024, 18.desember). *Kor mange har nynorsk som hovudmål i Noreg?*

<https://www.ssb.no/utdanning/grunnskoler/artikler/kor-mange-har-nynorsk-som-hovudmal-i-noreg>

Utdanningsdirektoratet (2017, 1.september). *Overordnet del Identitet og kulturelt mangfold*.

<https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/opplaringens-verdigrunnlag/1.2-identitet-og-kulturelt-mangfold>

Vedlegg

1. Støtteerklæring frå Nynorsk kultursentrum (v/ Olav Øyehaug Opsvik)
2. Støtteerklæring frå Avdeling for mediefag ved Høgskulen i Volda (v/ Ivar John Erdal)
3. Støtteerklæring frå Nynorsksenteret (v/ Synnøve Marie Sætre)
4. Støtteerklæring frå NDLA (v/ Margreta Tveisme)
5. Støtteerklæring frå TV2 Skole AS /Elevkanalen (v/ Yngvar C. A. Nordberg)
6. Støtteerklæring frå NRK Nynorsk mediesenter (v/ Rune Fossum Lillesvangstu)
7. Støtteerklæring frå Nynorsk Bedriftsforum (v/ Monika Haanes Waagan)
8. Støtteerklæring frå Noregs Mållag (v/ Peder Lofnes Hauge)
9. Støtteerklæring frå Nynorsk Avissenter (v/ Ingunn Osland)
10. Støtteerklæring frå Kringkastingsringen (v/ Jógvan Helge Gardar og Aksel T. Mehlum)



Volda vidaregåande skule
volda.vgs@mrfylke.no

Vår ref.: 441-OØO
Ørsta, 19. september 2025

Tilrådingsbrev for landsline nynorsk medium og kommunikasjon

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur vil med dette gi vår tilråding til Møre og Romsdal fylkeskommune og Utdanningsdirektoratet til å opprette ei landsline for nynorsk medium og kommunikasjon ved Volda vidaregåande skule. Nynorsk kultursentrum har blitt orienterte om planane og ambisjonane til den vidaregåande skulen og meiner prosjektet vil vere svært positivt for regionen og som eit nasjonalt tilskot til styrkinga av nynorsk språk og skriftkultur.

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur eig og driv tre museum knytt til nynorsk skriftkultur og historie. Vi forskar på og forvaltar samlingar og arkiv og formidlar kunnskap og kunst knytt til nynorsk skriftkultur i heile Noreg. Hovudsetet vårt er Aasentunet i Hovdebygda i Ørsta kommune, midt mellom kommunesentera i Ørsta og Volda. Stiftinga er engasjert i tilhøva for nynorsk skriftkultur i alle delar av samfunnet og spelar ei nøkkelrolle som sekretariat for Nynorsk forum, som samordnar kommunikasjon og samarbeid mellom dei viktigaste nynorskinstitusjonane.

Om der blir etablert ei landsline for nynorsk medium og kommunikasjon ved Volda vidaregåande skule vil Nynorsk kultursentrum stille seg til rådvelde for både strategisk samarbeid på leiarnivå og konkrete samarbeid gjennom å tilby praksisplassar for elevar – til dømes i samband med kommunikasjon knytt til våre festivalar og andre tilstellingar – og gjennom å tilby kurs og faglege opplegg for linja og elevane der i museet vårt i Aasentunet eller ved at våre tilsette vitjar skulen.

Nynorsk kultursentrum, musea for skriftkultur meiner Volda vidaregåande skule er svært godt plassert for ei slik satsing, med fagmiljøet for mediefag, språk, utdanning og kultur som er tilgjengeleg ved Høgskulen i Volda, Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa som er lokalisert ved same institusjon og ikkje minst vår eiga merksemd i nærområdet. Ørsta og Volda har lang historie og tradisjon for utvikling av språk, utdanning og kultur og står framleis sentralt i den vestnorske og nynorske kulturen.

Vi vonar Volda vidaregåande skule vil lukkast med satsinga si og ser fram til samarbeid.

Med venleg helsing
Olav Øyehaug Opsvik
Direktør, Nynorsk kultursentrum

e-post: olav.opsvik@nynorsk.no

Volda, 1. oktober 2025

Støtteerklæring til Volda vidaregåande skule vedrørende landslinje

Avdeling for mediefag ved Høgskulen i Volda vil med dette gje si støtte til Volda vidaregåande skule og søknaden om å bli landslinje for nynorsk i medium og kommunikasjon.

Ved Avdeling for mediefag tek vi imot studentar frå heile landet og utdannar journalistar, medieprodusentar, kommunikatørar og animatørar til ein mediebransje som i stadig større grad er samla i dei store byane.

Vi er i ferd med å få ei utvikling der praktisk medieutdanning Noreg i hovudsak vert eit privat tilbod og Oslo-sentrert, noko som er eit tap for mediemangfald og lokaldemokrati. Høgskulen i Volda har eit særskilt ansvar i nasjonal samanheng for å styrke det nynorske språket.

Når eg skriv styrke framfor å bevare er det nettopp fordi vi som utdanningsinstitusjon har eit særskilt ansvar for at nynorsk i framtida skal vere eit aktivt mediespråk: eit språk som vert brukt på alle medieplattformer, ikkje ein museumsgjenstand.

Dette arbeidet heng tett saman med det som skjer i grunn- og vidaregåande skule, og vi har gjennom åra tatt imot mange dyktige studentar frå MK-linja på Volda VGS. Skissene til den nye landslinja ser svært interessante ut med tanke på framtidig samarbeid oss imellom.

Ivar John Erdal



Dekan, Avdeling for mediefag
Høgskulen i Volda



Volda, 3.oktober 2025

Støtteerklæring frå Nynorsksenteret til landslinje for nynorsk medium og kommunikasjon ved Volda vidaregåande skule

Nynorsksenteret vil med dette gje støtte til initiativet om å opprette ei landslinje for nynorsk medium og kommunikasjon ved Volda vidaregåande skule.

Ei landslinje for nynorsk medium og kommunikasjon vil vere ein naturleg samarbeidspartnar for oss på Nynorsksenteret. Me ser mange moglegheiter for felles prosjekt der me kan dra god nytte av kvarandre, og der begge partar kan vere ein arena for utprøving for kvarandre. Det vil òg bidra til eit tettare samarbeid mellom alle dei ulike nynorskaktørane i området vårt.

Landslinja er òg viktig for å auke volumet av nynorsk tekst i sjangrar og kanalar der ungdom vert eksponerte for språk. Ei slik linje vil kunne skape ein viktig arena for å utvikle og synleggjere nynorsk som eit moderne bruksspråk i alle former for kommunikasjon.

Å opprette landslinja for nynorsk medium og kommunikasjon vil i det store og heile ha stor verdi for nynorsken samla sett. I eit samfunn der språk og medievanar endrar seg raskt, treng nynorsken kompetente brukarar og formidlarar som kan styrkje det språklege mangfaldet og sikre at nynorsk har ein tydeleg plass i mediebiletet.

Med sin lange tradisjon som ein sentral stad både for nynorsk språk- og medieutvikling er Volda ein naturleg stad for eit slikt tilbod. Me ser det som eit tiltak som er heilt i tråd med nasjonale språkpolitiske målsetnader om å fremje nynorsk. Ei landslinje for nynorsk medium og kommunikasjon vil vere eit lyft for nynorsken.

Nynorsksenteret støttar difor fullt ut planane om å etablere ei landslinje for nynorsk medium og kommunikasjon ved Volda vidaregåande skule, og me ser fram til samarbeidet.

Synnøve Marie Sætre

senterleiar

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa

Margreta Tveisme
Lars Hilles gate 22
5008 Bergen

30.09.2025

Støtte til søknad om landslinje for nynorsk i medium og kommunikasjon

Nasjonal digital læringsarena (NDLA) er Noregs leiande produsent av digitale læringsressursar for vidaregåande opplæring.

Vi tilbyr meir enn 20 000 læringsressursar fordelt på nærare 150 eksamensfag, og vi jobbar kontinuerleg med utvikling av fag. Ressursane våre er opne og fritt tilgjengelege, og vi parallellpubliserer alt vi lagar på nynorsk og bokmål.

NDLA er med på å løyse eit viktig samfunnsoppdrag ved å tilby opne og fritt tilgjengelege læringsressursar. Vi bidrar til å nå FNs berekraftsmål nummer 4, "sikre inkluderande, rettferdig og god utdanning og fremje moglegheiter for livslang læring for alle".

Fordi vi har valt opne lisensar, kan både lærarar, elevar og andre bruke, forandre og dele ressursane våre. På denne måten støttar vi opp om livslang læring. Vi jobbar i tillegg kontinuerleg med å gjere alt lærestoffet vårt universelt utforma.

NDLA samarbeider med eit mangfald av partnerar, inkludert lærarar, elevar, universitet, høgskular og bransjeekspertar. I tillegg har vi eit pilotskulesamarbeid med flere vidaregåande skular som hjelper oss å teste ut nye ressursar. Dette sikrar at vi heile tida utviklar relevante og brukarvennlege læringsressursar.

NDLA støttar søknaden frå Volda vgs om å bli landslinje for nynorsk i medium og kommunikasjon. Dersom språklova skal fylgjast og nynorsk skal overleve som likestilt språk i Noreg, må det nyttast i media. Volda vgs har eit unikt miljø rundt seg, med store nynorske institusjonar og ikkje minst høgskulen i Volda som er kjend som ei av dei beste mediautdanningane i landet.

NDLA kjenner godt til det kreative fagmiljøet ved Volda vgs, og har hatt glede av å samarbeide med dei om produksjon av såkalla kodekammer. Dersom skulen skulle få tilslag om landslinje, ser vi fram til vidare samarbeid på fleire ulike måtar.

Samarbeid kan til dømes vera:

Volda vgs som pilotskule for NDLA, der vi testar nye ressursar

Vidare samarbeid om mediefaga, med vekt på produksjon av digitale læringsopplevingar i nynorsk språkdrakt

Med venleg helsing,

Margreta Tveisme
pedagogisk leiar, NDLA

TV 2 Skole AS – støtteerklæring «Landslinje for nynorsk medium og kommunikasjon»

TV 2 Skole AS vil med dette støtte planane om ei landslinje for nynorsk medium og kommunikasjon ved Volda vidaregåande skule.

TV 2 Skole AS har ei digital læremiddelplattform – Elevkanalen – for barnehage, grunnskule, vidaregåande og vaksenopplæring. Vi publiserer dagleg oppdatert innhald på både bokmål og nynorsk, i tillegg til at vi har læringsressursar på begge målformer i alle fag. Vi arbeider også for å vere den leiande læremiddelportalen i Noreg når det kjem til ulike former for tilpassing, og fleire av ressursane våre har støtte for ASK, brytarstyring/augestyring og dessutan synstolking utvikla i samarbeid med Blindeforbundet.

TV 2 Skole AS synest planane om ei landslinje i nynorsk medium og kommunikasjon er svært spennande, og vil gjerne vere med på eit samarbeid med linja dersom dette skulle verte realisert. Vi har allereie etablert eit samarbeid med skulens noverande linje om produksjon av videoar knytt til nynorske barnebokpodkastar, og ser for oss eit ytterlegare samarbeid om produksjon av videoar og anna innhald på nynorsk. Dette vil vere eit vinn-vinn-samarbeid, der elevane ved linja får trening i produsere innhald til autentiske mottakarar, og TV 2 Skole AS får tilgang til enda meir læringsmateriell produsert på nynorsk.

TV 2 Skole AS meiner også at Volda vil vere ei naturleg plassering for ei slik linje, med Nynorsk kultursentrum og Nynorsksenteret plassert innanfor ein reiseavstand på ti minutt. På den måten har elevane også kort veg til fagpersonar som vil kunne fungere som sikre kjelder til fagstoff elevane ev. produserer for TV 2 Skole AS.

Med vennleg helsing



Yngvar C. A. Nordberg

Dagleg leiar TV 2 Skole AS

Støtte til landslinje for nynorsk i medium og kommunikasjon

NRK Nynorsk mediesenter støttar initiativet om ei landslinje for nynorsk i medium og kommunikasjon ved Volda vidaregåande skule.

NRK Nynorsk mediesenter er eit strategisk rekrutteringstiltak for å auke nynorskandelen i NRK. Vi lærer kvart år opp ti nynorskbrukarar som journalistar for NRK og mediebransjen elles. Opplæringa består av eit halvår med innføring i journalistikk på alle plattformer, inkludert fire månadar med praksis i ulike nyheitsredaksjonar i NRK.

Mediebransjen har eit stort behov for fleire nynorskbrukande journalistar, og det er vanskeleg å rekruttere nok av desse frå dei ordinære medieutdanningane. Grunnen er at det blir uteksaminert for få nynorskbrukarar ved desse institusjonane. NRK Nynorsk mediesenter ser og behovet for ein større rekrutteringsbase av nynorskbrukande, nyheitsinteresserte og talentfulle nynorskbrukarar med relevant bakgrunn frå vidaregåande skule.

Vi synest derfor tankane og initiativet til Volda vidaregåande skule er spennande. Vi håpar å kunne samarbeide med ei framtidig landslinje ved skulen. Vi kan gjerne bidra med innsikt i bransjen, nynorsk som mediespråk og inspirasjon til elevane. Den andre vegen er det grunn til å håpe på eit betre rekrutteringsgrunnlag for oss på NRK Nynorsk mediesenter, og sjølvstøtt og for mediebransjen som heilheit.

Førde, 24. september 2025

Rune Fossum Lillesvangstu

Leiar, NRK Nynorsk mediesenter

Ulsteinvik, 01. oktober 2025

Fråsegn til støtte for landslinje for nynorsk medium og kommunikasjon ved Volda vidaregåande skule

Nynorsk bedriftsforum vil med dette gi vår støtte til søknaden frå Volda vidaregåande skule om å etablere ei landslinje for nynorsk medium og kommunikasjon.

Forumet vårt er eit landsdekkande kontaktnett for bedrifter som nyttar nynorsk som arbeidsspråk og kommunikasjonsform. Medlemmane våre representerer eit breitt spekter av næringar – frå kultur og media til teknologi, reiseliv og offentleg sektor. Eit gjennomgåande behov mellom våre medlemmar er tilgang på fagfolk med kompetanse i kommunikasjon og marknadsføring, som også meistrar nynorsk som profesjonsspråk.

Gjennom interne undersøkingar har vi avdekt at ei av dei største utfordringane for nynorskbedrifter er manglande nynorskkompetanse, både mellom interne medarbeidarar og eksterne leverandørar av innhald, kampanjar og kommunikasjon på nynorsk – både i tradisjonelle og digitale kanalar.

Vi ser derfor på etableringa av ei landslinje ved Volda vidaregåande skule som eit svært godt og framtidsretta tiltak. Linja vil kunne bidra til å utdanne unge med både mediefagleg kompetanse og språkleg medvit, og slik møte eit reelt behov i arbeidslivet. At linja vert lagt til Volda, med nærleik til Høgskulen i Volda og eit sterkt nynorsk fagmiljø, gir gode føresetnader for kvalitet og relevans.

Vi oppmodar Utdanningsdirektoratet og andre relevante instansar til å støtte søknaden, og ser fram til å kunne samarbeide med linja i framtida – både som praksispartner og som framtidige arbeidsgjevarar for elevane.

Med venleg helsing
Nynorsk bedriftsforum



Monika Haanes Waagan
dagleg leiar



Støtteerklæring frå Noregs Mållag for landsline for nynorsk medium og kommunikasjon på Volda vidaregåande skule

Noregs Mållag vil med dette gje si fulle støtte til initiativet om å opprette ei landsline for nynorsk medium og kommunikasjon ved Volda Vidaregåande skule. Ei slik landsline vil vere viktig for rekrutteringa til nynorsk journalistikk. Erfaringa er at sjølv om elevar kjem frå nynorskområde, er det lett å leggje frå seg nynorsken når ein møter det store bokmålsfleirtalet i høgare utdanning eller ein bokmålsdominert mediekvardag. Difor har ei slik landsline med nynorsk medie- og kommunikasjonsspråk ei viktig oppgåve i å gjere elevane trygge til å skrive nynorsk, og trygge til å bruke nynorsk. På den måten vil landslina bidra til faktisk rekruttering både inn i nynorsk journalistikk og informasjon- og kommunikasjonsbransjen. Landslina vil også vere med på å utvikle og syne fram nynorsk som eit moderne bruksspråk i alle former for kommunikasjon.

Dette initiativet kan ha stor verdi for nynorsken samla sett. I eit samfunn der språk og medievanar endrar seg raskt, treng nynorsken kompetente brukarar og formidlarar som kan styrkje det språklege mangfaldet og sikre at nynorsk har ein tydeleg plass i mediebiletet.

Volda vidaregåande skule står i ein lang skuletradisjon i bygda, der nynorsk har stått sterkt i nær 125 år. Slik sett vil det vere ei viktig vidareføring og fornying av

nynorskoppdraget å etablere ei landsline i medium og kommunikasjon på Volda vidaregåande skule. I den språkpolitiske føremålet i Språklova vert det trekt fram at det offentlege har eit særleg ansvar for å styrkje nynorsk. Slik sett vil ei landsline vere heilt i tråd med språkpolitiske målsetnader frå styresmaktene.

Peder Lofnes Hauge

leiar i Noregs Mållag

A handwritten signature in black ink, reading "Peder Lofnes Hauge". The signature is written in a cursive, flowing style with a large initial 'P'.

Støtteerklæring til Volda vgs - landslinje for nynorsk Medium og kommunikasjon

Stiftinga Nynorsk avissenter held til på Nynorskhuset i Førde, og lærer opp 10 nynorskskrivande journalistar i året. Vi samarbeider tett med landets største nynorskavis, Firda, som er opplæringsstad for praktikantane våre. Praktikantene er fire månader i Nynorsk avissenter/Firda, og deretter to månader i praksis i medium der dei får bruke nynorsk.


Vi tek inn fem praktikantar i halvåret etter søknader og intervju. Praktikantene har veldig ulik bakgrunn, og veldig ulik alder, og vi rekrutterar praktikantar frå heile landet. Vi har hatt praktikantar frå 19 til 50 år. Bakgrunnen har vore alt frå «berre» vidaregåande til advokat, undervassingeniør, forfattar, skodespelar og sjukepleiar. Ein del kjem også rett frå bachelor eller master. Hos oss får dei opplæring i nynorsk språk og i journalistikk, først og fremst gjennom metoden å lære ved å gjere. Dei får lage alt frå video til gravejournalistikk. Nyhendejournalistikk ligg i botnen, men i løpet av dei fire månadane får praktikantene prøve seg på så og seie alle sjangrar, og også jobbe som ein del av nyheitsdesken.

Over halvparten av dei 111 vi har lært opp sidan oppstarten i 2013 jobbar i dag som journalistar. Tek vi med dei som jobbar i kommunikasjon er vi oppe i over 70 prosent. Vi har hatt praktikantar i over 20 redaksjonar, mange lokalaviser, men dei siste åra også i til dømes TV2, Nettavisen, Svalbardposten, BT, Stavanger Aftenblad, Sunnmørsposten, Nationen og mange andre.

Nynorsk avissenter ser på planane om ei landslinje for nynorsk Medium og kommunikasjon ved Volda vidaregåande skule er svært spennande. **For oss kan det vere ein spennande samarbeidspartnar, og ein viktig stad å hente talent som ønskjer å bli journalist, og som vil skrive nynorsk.**

Det er eit stort behov for journalistar som kan skrive nynorsk, særleg på Vestlandet, men opplever også at det er aukande etterspurnad frå nasjonale medium. Mellom anna har TV2 vist stor interesse for praktikantar frå oss, og dei har vore svært aktive i å etablere eit nynorskmiljø i kanalen. Fleire av våre tidlegare praktikantar er i dag tilsette der.

Beste helsing



Ingunn Osland
Dagleg leiar



Landslinje for nynorsk i medium og kommunikasjon – fråsegn frå Kringkastingsringen

Kringkastingsringen er ein ubunden medlemsorganisasjon som arbeider for meir nynorsk, dialekt og samisk i mediebildet. Organisasjonen vart skipa i 1955 og har jamlege møte med NRK og andre mediehus, driv generelt politisk arbeid og skipar til opne møte med ordskifte. Kringkastingsprisen har vore delt ut av Kringkastingsringen årleg sidan 1978 og går til nokon som på ein framifrå måte har nytta nynorsk og/eller dialekt i etermedia.

Vi har med stor interesse lese om planane om ei landslinje for nynorsk i medium og kommunikasjon, og vi ser eit tydeleg behov for ei slik landslinje. Volda og Sunnmøre er eit kjerneområde for både nynorsk og medieutdanning, og mange sentrale institusjonar på feltet har sete der. Vi ser Volda vidaregåande skule som ein viktig og naturleg del av ei slik nynorsk- og medieklyngje. Med landslinjestatus bør det vere mogleg å tiltrekkje seg motiverte søkjarar frå andre delar av landet òg.

Gjennom arbeidet vårt freistar vi å støtte og heidle nynorskjournalistar, i ein mediekvardag der presset frå både bokmål og engelsk er stort. Vi ser eit stort behov for å rekruttere fleire gode journalistar og medieprodusentar som nyttar nynorsk i arbeidet sitt, og vi trur at ei landslinje for nynorsk i medium og kommunikasjon blir eit viktig element i ein struktur for både rekruttering og motivering av kommande nynorskjournalistar.

Kringkastingsringen gjev difor si fulle støtte til landslinjesøknaden frå Volda vidaregåande skule.

30. september 2025

Jógvan Helge Gardar (sign.)
styreleiar

Aksel Torsnes Mehlum (sign.)
dagleg leiar